



Ivar Holmaas
Sandnesstykket 3
5981 Masfjordnes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/873 - 23/8196

Saksbehandlar:
Jan Kvingedal
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
03.10.2023

Melding om delegert vedtak - Søknad om oppretting av grunneigedom til offentlig veg - gbnr 32/2

Me syner til søknad motteken 20.09.23

Administrativt vedtak. Saknr: 093/2023

Tiltakshavar: Ivar Holmaas
Søknadstype: Søknad om løyve til deling etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 m) løyve til oppretting av ny grunneigedom for vegføremål på gbnr. 32/2, Kvamme.

Grunngjeving: Søknad er i trå med kommuneplan for Masfjorden 2018-2030.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Oppmåling

Når klagefristen er ute vert saka oversend avdeling for kart og oppmåling for vidare handsaming. Sakshandsamingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplerings av opplysingar frå rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikkellova § 35.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppretting av grunneigedom til vegføremål for eigedommar utskild frå gbnr. 32/2 på Kvamme. Areal er i kommuneplan for Masfjorden 2018-2030 avsett til bustad og spreidd bustadbygging.

Fakta

Det er i tidlegare ulike saker gjeve løyve til frådeling av 6 bustadtomter på eigdommen og det er vidare gjeve løyve til opparbeiding av veg, infrastruktur og nokre av tomtene. Denne saka gjeld frådeling og oppretting av eige bruksnummer for det arealet som er opparbeida som veg og skal overtakast av Masfjorden kommune i samsvar med avtale om utbygging av veg og bustadområde.

Det er arealet markert med grøn strek på kartvedlegg under som er søkt frådelt.



Tiltaket er lovleg nabovarsla.

Vurdering

Vegen går over areal avsett til bustad og spreidd bustadbygging og er difor iht. planformål. Det er tidlegare gjeve løyve til opparbeiding av veg og den er soleis lovleg etablert. Det er etablert lovleg avkøyring til fylkesvegen, som dette vegarealet knyter seg til.

Konklusjon

Det vert gjeve løyve til deling jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ivar Holmaas

Sandnesstykket 3 5981

Masfjordnes